VELKOMEN SOM



KONFIRMANT 2013

VOSS OG RAUNDALEN
KYRKJELYDAR

Innhald

Kontaktinformasjon..... s. 2
Inntroduksjon..... s. 3
Konfirmantlærarane..... s. 3
Innformasjonsmøte for foreldre/føresette..... s. 4
Påmelding..... s. 4
Innhald i konfimanttida..... s. 4
Presentasjon av undervisingsopplegga..... s. 6
Konfirmantar med særskilde behov..... s. 8
Økonomi..... s. 8
Foreldrekontakt..... s. 9
Kalendar..... s. 10
Avtale..... s. 11

Kontaktinformasjon

Kyrkjelydkontoret på Voss
Magasinvegen 35
Postboks 562
5700 Voss
Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

Kateket Rønnaug Skjeldal 95 26 20 25
kateket@voss.kyrkja.no

Prest Kjersti Brakestad Boge 95 26 20 22
kapellan@voss.kyrkja.no

Ungdomsdiakon Sigrid D. Mala 47 84 91 34
diakon@voss.kyrkja.no

Inntroduksjon

Vi som er ansvarlege for konfirmasjonstida i Voss og Raundalen kyrkjelydar vil gjerne gje deg som ynskjer å vera konfirmant, og dykk som konfirmantforeldre/ -føresette informasjon om konfirmantopplegget vårt.

Konfirmasjon heng saman med dåpen. Dei aller fleste konfirmantar vart døypte som born. Då lova foreldre og fadrar at dei skulle få opplæring i den kristne trua.
I konfirmasjonstida er me innom ulike tema. Til dømes: menneske, skapt av Gud, korleis leva i lag, å høyra til ein stad, identitet... Alle tema hentar innhaldet frå Bibelen og frå livet vårt.

Konfirmasjonstida er for alle som ynskjer å vera med. Nesten kvart år har vi nokre konfirmantar som ikkje er døypt som born. Dei fleste av dei vel å la seg døype før konfirmasjonen. Det einaste kriteriet for å verte konfirmert er at ein er døypt. Nokre ungdomar vel å vera med i konfirmanttida, men står over sjølve konfirmasjonsdagen.

Etter at de har lest gjennom dette heftet veit de litt meir om kva konfirmant-opplegget vårt går ut på. Skulle noko vere uklart eller det er noko du ynskjer å snakka med oss om, er du velkomen til å ta kontakt.

Konfirmantlærarane

Vi er to konfirmantlærarar som ser fram til å verte kjend med dykk.

Kjersti Brakestad Boge er ungdomsprest på Voss og har ein del av konfirmant-undervisinga og ungdomsgudstenestene

Rønnaug Eng Skjeldal er kateket på Voss og gjør det meste av alt det "usynlege" papirarbeidet med konfirmantane, i tillegg til undervisinga.

I tillegg vil ungdomsdiakon Sigrid Djukastein Mala vera med på fleire av samlingane våre.

T a kontakt med oss om det er noko de vil spørja om, eller om de har forslag til ting vi kan gjera betre. Spesielt viktig er det at de tek kontakt om det trengst tilretteleg-ging av ulikt slag.

Påmelding

Torsdag
14. juni
Vangskyrkja
Kl.16-19

Sjølve konfirmantpåmeldinga skjer via nettsida vår. Men vi treng òg ei **underskrift av konfirmant og foreldre** på ein avtale om konfirmant-tida.Denne avtalen finn de bak i dette heftet. Klipp den ut og ta den med på samlinga torsdag 14. juni, eller send den i posten.

INNMELDING

Skjer via nettsida vår www.voss.kyrkja.no.
Under konfirmasjon i toppmenyen finn de link til innmeldingskjema. Der skriv de dei opplysningane me treng. Konfirmanten sitt fødsels-nummer trengst til registreringa. Frist: **25. juni.**

For at de skal få veta litt meir om konfirmantopplegg og dei ulike vala de har, inviterer vi til ein T4-**dag i Vangskyrkja**. Ein T-dag er ein trusopplæringsdag. Denne dagen kan du koma i Vangskyrkja sjølv om du ikkje er heilt sikker på om du vil vera konfirmant i kyrkja.

Sidan årskullet er så stort delar vi dykk inn på denne måten TORSDAG 14. JUNI:

Kl. 16:00-17:00 **A, B og C klassen**
Kl. 17:00-18:00 **D, E og F klassen**

Felles informasjon for alle **konfirmantar og foreldre/føresette** den siste timen Her kan de få svar på "alt de lurar på".

Kl. 18:00-19:00 **Alle konfirmantar og foreldre/føresette**

Til denne samlinga kan du ta med avtalen du finn bak i dette heftet (den skal vere underskriven av både konfirmant og foreldre).

Om du ikkje er døypt i ei av kyrkjene på Voss treng vi òg dåpsattesta di.

Innhaldet i konfirmanttida

Konfirmantane vel eit opplegg dei følgjer dette året. Undervisinga skjer i tilknytning til det opplegget konfirmanten velgjer. Noko er likevel felles for alle:

- Gudstenster: presentasjon, LysMesse, Ung messe m.fl.
- Fasteaksjonen og temasamlingar
- Konfirmantleir på Helgatun

I kalendaren på side 10 finn de alle fellesarrangement så langt me har dei på plass.

GUDSTENESTER

Alle konfirmantane skal vera med på åtte gudstenester medrekna presentasjon og konfirmasjon. Nokre av desse er obligatoriske, medan andre vel de sjølve.

Dei obligatoriske er:

1. **Gudsteneste der konfirmantane vert presenterte.**
   Sundag 2. september kl. 11:00 for alle konfirmantane med familiar.

2. Ei gudsteneste i løpet av året der kvar konfirmant har ei **oppgåve i lag med** kyrkjetenar, prest eller klokkar.

3. Ung Messe haust eller vår og Lysmesse i desember

4. **Konfirmasjonsgudsteneste**
   Vangskyrkja

Laurdag	4. mai	kl. 10:00	A-klassen
		kl. 12:00	B-klassen
Sundag	5. mai	kl. 10:00	C-klassen
		kl. 12:00	D-klassen
Sundag	12. mai	kl. 10:00	E-klassen
		kl. 12:00	F-klassen

I **Raundalen** vert det konfirmasjon etter avtale med dei familiane det gjeld.

ARRANGEMENT I LØPET AV ÅRET

UNDERVISINGSDAGAR for alle konfirmantane.
Tysdag 4. september (A, B, C) og onsdag 5. september (D, E, F). Rett etter skulen.
Tema: Gudsteneste
Tysdag kveld 18. september med besøk frå Ungdom og Medier.
Tema: Identiet.
Tysdag ettermiddag 16. april med
Tema: "Å fixe livet".

FASTEAKSJONEN: Alle konfirmantane tek del i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Den heiter Fasteaksjonen fordi den alltid er i fastetida før påske. Konfirmantane går frå dør til dør med innsamlingsbøssene ettermiddagen tysdag 19. mars. De får veta meir om dette tysdag 12. mars. Då skal me ha ein inspirasjonssamling om Kirkens Nødhjelp.

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

KONFIRMANTLEIR PÅ HELGATUN

I januar, veke 3 og 4, reiser me til Helgatun i Myrkdalen, på leir. Her kan me gå på ski, ake og bruke skianlegget. Me skal ha mykje moro og heile tida set vi fokus på å læra meir om kven Gud er og kva han vil med oss. Konfirmantleiren er ein av dei viktigaste samlingane vi har i løpet av året.

A, B og C klassen reiser 17.-19. januar og D, E og F klassen 24.-26. januar.
Sidan leiren er frå torsdag ettermiddag til laurdag føremiddag må konfirmantane bes fri frå skulen fredagen.

Presentasjon av dei ulike gruppene

Ungdommar er ikkje like og trivst med ulike aktivitetar. Difor har vi fleire opplegg. Her kjem ein presentasjon av opplegga de kan velgje mellom. Som konfirmant må du velgje eitt av desse.

REFLEKSKONFIRMANT

Ten Sing-gruppa vår er plassen for deg om du likar song, musikk, dans, drama, sosiale treff, utfordringar for kroppen og sjel. Ten Sing-gruppa vår er meir enn korsong, men vi ventar at alle konfirmantane syng i koret mykje av tida..

Refleks samlast i Vonheim kvar torsdag frå ca. 18.00—21.00. Nokre gonger reiser dei på tur, innimellom er dei med på gudstenester og så lagar dei til ei førestilling eller konsert kvar vår.

Det er mykje folk samla i Vonheim torsdagane; nokon gjer lekser, andre pratar eller øver på noko. Det er alltid vaksne folk på huset. Leiarar er mellom andre Ingrid Tønnesen (hovudleiar), Rønnaug kateket, Sigrid diakon og fleire andre vaksne.

Reflekskonfirmantane får undervising torsdagane. Ein viktig del av dette er andakten vi har på kvar øving. Desse er for alle i koret. Nokre gonger kjem vi til å ha eigne undervisingstimar rett etter skulen, for konfirmantane.

Det er plass til omlag 25 konfirmantar i Refleks. Dei som er med frå før får plass først.

K-KONFIRMANT

K = konfirmant, Kristus, kross, kyrkje...

K-konfirmantane har undervisingsamlingar i Vonheim eller Vangskyrkja. Samlingane vil me ha rett etter skuletid, kl. 14:30 - 15:30. Det vert 10 samlingar. Vi satsar på å bruke måndagar eller torsdagar, litt etter kor mange som melder seg.

Me tek opp tema frå livet vårt og frå konfirmantbibelen.

Rønnaug Skjeldal er leiar og det er plass til om lag 40 konfirmantar. Me set opp grupper når vi ser kor mange konfirmantar det vert.

KRIK-konfirmantar

KRIK står for KRisten IdrettsKontakt og er ein tverrkyrkjeleg organisasjon som arbeidar for å "bevare, inspirere og vinne idrettsfolk til kristent liv både i idrettslag og menighet". KRIK definerar seg som en mellomstasjon mellom idrettslag og kyrkjelyd. Ein treng ikkje vera aktiv idrettsutøvar for å vera KRIK-konfirmant.

KRISTEN IDRETTSKONTAKT

Sidan vi ikkje har eige KRIK-gruppe på Voss har vi tenkt at ei gruppe konfirmantar kan verte kjende med KRIK dette konfirmantåret. Det vert samlingar ein gong i månaden heile skuleåret. Den eine, i februar, er ein weekend som KRIK Hordaland arrangerar på Voss. Me vonar du får til å prioritere denne helga som mest sannsynleg vert første eller tredje helg i februar.

Klokkeslett og samlingsdag er ikkje heilt på plass enda. Me trur det er lurt å byta litt på tids-punkta slik at det ikkje alltid treff på dei same dagane.

Me har plass til 20 konfirmantar i denne gruppa.
Leiarar vert Kristen Skjeldal, Øyvind Håheim, konfirmantlærarane og kanskje nokre til.

FILM OG BIBEL

Denne gruppa samlast i Vonheim ein onsdag i månaden kl. 15:30-18:00 eller kl. 19:30-22:00. Som namnet seier vil ulike filmar vera innfallsvinkelen til undervisinga som elles tek utgangs-punkt i konfirmantbibelen. Korleis kan vi møta Gud i filmane og i Bibelen? Konfirmantane vil òg laga film på ei av samlingane.

Vi har plass til 40 konfirmantar i denne gruppa. Vert det så mange vil me laga to grupper.
Kjersti Boge er hovudleiar.

KONFIRMANTBIBELEN

I undervisinga nyttar me Konfirmantbibelen. Dette er heile Bibelen i nyaste omsetjing, eit fullstendig konfirmantopplegg og mykje spanande motivasjonsstoff i ei og same bok! Konfirmantbibelen er ein bibel med eigne temasider for konfirmasjonstida. Utgåva inneheld også ein Bibelvegvisar som gir oversikt over bøkene i Bibelen med nyklar til å oppdage dei bibelske skattane.

Konfirmantane får boka på første samling i haust. Om nokon ynskjer Bibelen på bokmål må dei gje oss melding snarast.

Konfirmantar med særskilde behov

Me ynskjer at konfirmasjonstida skal vera for alle. Difor treng me veta om nokon av konfirmantane har behov for tilrettelegging på eit aller anna vis. Då kan me unngå situasjonar som kan øydelggja opplevinga for ungdomane. Me har ikkje tilgang til den informasjonen skulen har.

Bruk feltet på innskrivingsskjemaet de finn på www.voss.kyrkja.no til å fortelje oss dette.

Eller ta kontakt med kateket Rønnaug Skjeldal (95262025). Sjølvsagt er all slik informasjon omfatta av teieplikta til oss som er tilsett i kyrkja.

Økonomi

Giro vert sendt i september

Det er diverre ikkje heilt gratis å vera konfirmant.
Til saman kjem det til å kosta:

Materiell:	kr. 200,- (dette er likt for alle)
Konfirmantleir:	kr. 950,- inkl. reise
Refleks:	kr. 300,- + evt. turar.
K-konfirmantar:	kr. 0,-
Film og Bibel:	Nokre ting kan kosta litt, til dømes mat på samlingane.
KRIK-konfirmantar:	Helga på Voss ungdomsskule kostar ca. 1000,- til saman for medlemmar i KRIK

Pengar skal IKKJE hindra nokon frå å vera konfirmant. Om økonomi er eit problem må de ta kontakt med kyrkjelydskontoret. Snakk gjerne med Sigrid D. Mala eller Rønnaug Skjeldal.

Foreldrekontakt

Det er kjekt å bli kjend med konfirmantane, men det er òg kjekt å bli kjend med foreldra deira. Dessutan er det alltid nokre beskjedar som foreldra bør få direkte. Difor har me foreldremøte:

Det første vert **onsdag 22. august kl. 19.30 i Vangskyrkja**.

Her vil de få ein del praktiske opplysningar om det som skal skje i konfirmanttida. De vil òg få høve til å spørja om alt de vil.

Dei to neste møta vert tidleg i januar (før leir på Helgatun) og i mars (før Faste-aksjonen). Alle møta vert i Vangskyrkja.

Av og til treng me litt hjelp av foreldre, mellom anna til å laga mat til fellessamlingane. Me treng òg sjåførar på Fasteaksjonen.

Dessutan treng me **nattevaker på konfirmantleirane** til Helgatun.

De finn kalendar for konfirmantåret og avtale som må leverast med underskrifter, bak i denne brosjyra. Alt kan òg finnast på www.voss.kyrkja.no.

gjennom livet

Konfirmanttida er ein bit at trusopplæringa som vert gjennomført i alle kyrkjelydane på Voss. Me arbeidar med å laga til trusopplæring for alle døypte born og unge frå 0 - 18 år. På Voss vil det seie at borna vert inviterte til ein T-dag i året.

Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja som har dette ansvaret. Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja.

Konfirmanttida er den delen av trusopplæringa som er mest omfattande. Dette året skal ungdomane få ei grundigare innføring i kva det tyder å vera døypt og å vera medlem i Den norske Kyrkja.

Konfirmantane 2013 har ikkje vore med på så mange T-dagar. Men mange av dei fekk bok i kyrkja då dei var fire år og om lag halvparten av dette konfirmantkullet var med på LysVaken då dei var 11 år. Dette er døme på T-dagar.

T15 = konfirmantåret

Kalendar konfirmantåret 2012 -2013

(oppdatert mai 2012, endringar kan koma)

Felles for alle konfirmantar

Skulefri

Dette er fellesprogrammet for alle konfirmantane. Kvar gruppe har i tillegg sitt eige program som dei får oversyn over til hausten.

august 2012

veke	M	T	O	T	F	L	S
31			1	2	3	4	5
32	6	7	8	9	10	11	12
33	13	14	15	16	17	18	19
34	20	21	22	23	24	25	26
35	27	28	29	30	31		

22. Foreldremøte i Vangskyrkja kl. 19:30

september 2012

veke	M	T	O	T	F	L	S
35						1	2
36	3	4	5	6	7	8	9
37	10	11	12	13	14	15	16
38	17	18	19	20	21	22	23
39	24	25	26	27	28	29	30

02. Presentasjonsgudsteneste i Vangskyrkja kl. 11:00.
04. (a, b og c) og 05. (d, e og f) Oppstart, undervising i Vangskyrkja etter skuletid
18. Temasamling: Gute-/jenteseminar i Vonheim kl. 18-20.

oktober 2012

veke	M	T	O	T	F	L	S
40	1	2	3	4	5	6	7
41	8	9	10	11	12	13	14
42	15	16	17	18	19	20	21
43	22	23	24	25	26	27	28
44	29	30	31				

26. Ung Messe i Vangskyrkja kl. 19:30

november 2012

veke	M	T	O	T	F	L	S
44				1	2	3	4
45	5	6	7	8	9	10	11
46	12	13	14	15	16	17	18
47	19	20	21	22	23	24	25
48	26	27	28	29	30		

desember 2012

veke	M	T	O	T	F	L	S
48						1	2
49	3	4	5	6	7	8	9
50	10	11	12	13	14	15	16
51	17	18	19	20	21	22	23
52	24	25	26	27	28	29	30

07. Lysmesse i Vangskyrkja kl. 19:30

januar 2013

veke	M	T	O	T	F	L	S
1	31	1	2	3	4	5	6
2	7	8	9	10	11	12	13
3	14	15	16	17	18	19	20
4	21	22	23	24	25	26	27
5	28	29	30	31			

09. Foreldremøte i Vangskyrkja kl. 19:30
17.-19.: Helgatun A, B og C
24.-26.: Helgatun D, E og F

februar 2013

veke	M	T	O	T	F	L	S
5					1	2	3
6	4	5	6	7	8	9	10
7	11	12	13	14	15	16	17
8	18	19	20	21	22	23	24
9	25	26	27	28			

10.?: Ung Messe i Idrettshallen

mars 2013

veke	M	T	O	T	F	L	S
9					1	2	3
10	4	5	6	7	8	9	10
11	11	12	13	14	15	16	17
12	18	19	20	21	22	23	24
13	25	26	27	28	29	30	31

12.: Temasamling konfirmantane kl. 18:00 i Vangskyrja
Foreldremøte, Vangskyrkja Kl. 19:30
19.: Fasteaksjon Kirkens Nødhjelp

april 2013

veke	M	T	O	T	F	L	S
14	1	2	3	4	5	6	7
15	8	9	10	11	12	13	14
16	15	16	17	18	19	20	21
17	22	23	24	25	26	27	28
18	29	30					

16. Temasamling: "Å fixe livet" Vonheim etter skuletid.

mai 2013

veke	M	T	O	T	F	L	S
18			1	2	3	4	5
19	6	7	8	9	10	11	12
20	13	14	15	16	17	18	19
21	20	21	22	23	24	25	26
22	27	28	29	30	31		

2. og 8.: Øving til konfirmasjon
4. Konfirmasjon A kl. 10:00, B kl. 12:00
5. Konfirmasjon C kl. 10:00, D kl. 12:00
12. Konfirmasjon E kl. 10:00, F kl. 12:00

T15 KONFIRMANSJON

AVTALE
OM DELTAKING I KONFIRMASJONSTIDA

Det er friviljug å vera konfirmant,
men har du meldt deg på, er undervisinga obligatorisk.
For at konfirmasjonstida skal verta ei fin tid for alle,
er det viktig at alle gjer sitt for at det skal verte slik.
Difor skriv vi under på ein avtale for å markera at vi vil gjera vårt beste.

KONFIRMANTLÆRAREN SKAL SYTA FOR

- godt førebudde samvær.
- å gje viktig informasjon skriftleg.
- at programmet ikkje blir endra utan gode grunnar.

KONFIRMANTEN SKAL

- møta i tide til alle samvera som høyrer til i konfirmasjons-førebuinga.
- ha med seg konfirmantbibelen og anna materiell på alle samlingane.
- å fylgja dei reglane som gjeld og gjera sitt for at alle skal trivast i konfirmant tida.
- gje melding dersom det er noko ein vil endra på, eller om ein er sjuk og ikkje kan møta.

Foreldre/føresette hjelper konfirmanten til å gjennomføra konfirmasjonstida.
Vi tek kontakt med foreldre/føresette om nokon ikkje greier å fylgja opplegget.

Stad og dato: _____

Underskrifta til konfirmant: _____Klasse: _____

Underskrifta til ein eller begge foreldre/føresette: _____

For Voss og Raundalen kyrkjelydar: Ronnaug Stjeldal
kateket

KLYPP UT OG TA MED DENNE AVTALEN PÅ T-14-DAGEN,
TYSDAG 14. JUNI I VANGSKYRKJA,
ELLER SEND DEN I POSTEN TIL
KATEKETEN, KYRKJEKONTORET, POSTBOKS 562, 5703 VOSS

Dette er siste side.
Dette arket skal klyppast ut
og leverast til konfirmantlærarane.

Du kan levera arket torsdag 14. juni
i Vangskyrkja
eller du kan senda det i posten til

Kateketen
Kyrkjekontoret
Postboks 562
5703 Voss

Hvis du er døypt ein annan plass enn Voss,
må du òg levera ein kopi av dåpsattesta til oss.

Hugs å leggje inn alle
opplysningar via linken på
www.voss.kyrkja.no